

Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/2064-3

Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 2

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter får kr 310 000 til prosjektet Jostedalsbreen Nasjonalparksenter.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere 1 mill. kr som er avsett til prosjekt Opplevingsnæringar.
3. Aksello AS får kr 350 000 til prosjektet Støtte til FoU-fasilitering, havbruk m.m.
4. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter vert dekket med KMD-midlar frå tidlegare år/utviklingsfond næring.
 - b. Tilskotet til Aksello AS vert dekket med disponible midlar på næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7015 Nyskaping.
5. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i eigne tilskotsbrev.

Vedlegg:

Søknad Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter

Søknad Aksello AS

Samarbeidsavtale mellom Aksello AS og Kunnskapsparcken i Sogn og Fjordane AS

Budsjett- og finansieringsplan for Aksello AS 2018-2020

SAKSFRAMSTILLING

1. Søknad om støtte til prosjekt Jostedalsbreen Nasjonalparksenter

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

1.1 Bakgrunn

Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter søker om kr 350 000 til å lage ein pedagogisk aktivitetspark spesielt retta mot barn og unge.

1.2 Historikk

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare støtta Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter.

1.3 Nærare omtale

Nasjonalparksenteret i er ein prosess med omstilling, og dette er eit stort prosjekt som består av ulike delprosjekt. Det overordna prosjektet vil gå over fleire år.

Prosjektet det er søkt midlar til er eit delprosjekt. I prosjektet skal dei utvikle ein ny profil med eit overordna tema der fokuset skal vere formidling spesielt retta mot barn og unge. Dei søker

midlar til å lage ein pedagogisk og god aktivitetspark med tema som speglar att besøkssenteret sine kunnskapsområde (skred og naturfare, geologi, flora og fauna). Det omsøkte prosjektet skal vere ferdig til våren 2019.

Målet er å fremje fysiske aktivitet samstundes som ein kan lære om senteret sine kunnskapsområde, samt natur- og kulturlandskap rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Ved å bygge aktivitetsparken ynskjer Nasjonalparksenteret å skape ein møteplass for lokalsamfunnet og kommunen elles. I tillegg til å kunne utfolde seg fysisk, kan ein få kjennskap til og nyte glede av naturen og naturstiane i nærområdet og auka interessa for natur og friluftsliv.

Leikeklassen vil vere open for alle og utanfor senteret sitt betalte område.

Aktivitetsparken vil bli skreddarsydd og tilpassa til senteret sitt overordna tema. Nasjonalparksenteret ser for seg ulike aktivitetar, både interaktive og tradisjonelle. Med interaktive aktivitetar vert til dømes meint ein modell som syner skredvinkel der barna må gjere noko fysisk (ta på, løfte, skubbe) for å utløyse eit skred og høve til å legge inn kunnskapstestar der ein trykker og får rett eller galt svar. Meir tradisjonelle aktivitetar kan vere å «hoppe over ein bresprekk», eller krysse ei brelv med line.

Senteret består i dag av tre delar; ein botanisk hage, ein geologisk park og ei utstilling inne som presenterer biologisk mangfald, brear, skred og Lodalsulykkene. Desse tre delane er i utvikling og vi har inne tre søknadar hjå Miljødirektoratet for å fullføre desse prosjekta.

1.4 Økonomi

Kostnadsplan

Side 1/1

Budsjettpost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Modular	350 000					350 000
Montering/oppsett	200 000					200 000
Produktutgreiing	30 000					30 000
Underlag	40 000					40 000
SUM kostnader	620 000					620 000

Finansieringsplan

Side 1/1

Finansieringspost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	350 000					350 000
Sparebankstiftelsen Sogn- og Fjordane	270 000					270 000
SUM finansiering	620 000					620 000

1.5. Vurdering

Det aktuelle prosjektet med ein interaktiv leikeplass, der ein lærer om blant anna skredfare og nærområdet høyrer svært interessant ut. Leik og aktivitet er ein god måte for barn og unge å tileigne seg kunnskap på. At dette er eit tilbod som vil vere opent for alle, både betalande og ikkje betalande gjester er også positivt. Det må likevel nemnast at dette berre eit av fleire tilbod som må på plass for å få Nasjonalparksenteret meir attraktivt.

Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter søker om meir enn 50 % av kostnadane. I slike prosjekt går fylkeskommunen maksimalt inn med 50 %.

1.6 Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår hovudutvalet å støtte prosjektet Jostedalsbreen Nasjonalparksenter med 310 000 kr.

2. Opplevingsnæringar

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

2.1 Bakgrunn

Fylkeskommunen si nærings- og kulturavdeling har etablert eit prosjekt som vi har kalla Opplevingsnæringar. Det er tidlegare avsett 1 mill. kr til denne satsinga, og vi ber no om administrativ fullmakt til å nytte av dei avsette midlane.

2.2 Kort om tiltaket

Det nemnde prosjektet skal løfte fram tiltak som ligg i skjæringspunktet mellom næring og kultur, og hente ut synergjar innan nærings- og kultursatsinga. Vi nemner her nokre få døme på denne innsatsen

- Utvikling av Selje kloster som reisemål
- Opplevingstilbod basert på musea våre
- Betre tilrettelegging for opplevingsturisme
- «Kraftturisme», der ein utviklar reiseruter som koplar kraftindustristadane våre opp mot nasjonale turistveggar og dei historiske hotella

I mars 2017 styrka hovudutvalet dei bransjeretta satsingane med 1,3 mill kr, derav 1 mill kr til arbeidet med opplevingsnæringar. Dette i samband med disponering av ekstra tildeling av regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet.

2.3 Vurderingar og tilråding

Arbeidet med prosjekt opplevingsnæringar skal tilføre ein meirverdi ved å kople nærings- og kultursatsing betre. Midlane til dette arbeidet er avsette tidlegare, og vi ber no om administrativ fullmakt til å disponere dei aktuelle midlane.

2.4 Tilråding

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere 1 mill. kr som er avsett til prosjekt «Opplevingsnæringar». Det vert føreset at hovudutvalet får rapport om bruken av midlane ein gong i året.

3. Søknad om støtte til FoU-fasilitering, havbruk m.m.

(Sakshandsamar Egil Henning Ytrøy)

3.1 Samandrag

Aksello AS søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om delfinansiering til gjennomføring av seks ulike prosjekt som skal bidra til nyskaping og innovasjon i næringslivet i fylket.

3.2 Bakgrunn for saka

Aksello AS er eit lokalt forankra næringssselskap og inkubator med kontor i Florø. Selskapet er også Flora kommune sitt næringsapparat og driv fyrstelinjeteneste i tillegg til å administrere det kommunale næringsfondet for Flora kommune. Aksello AS er ein støttespelar for etablert næringsliv og bidreg samstundes i utviklinga av nye idear gjennom å gje objektive råd, kople på rett kompetanse og bidra med nettverk.

Selskapet har fire tilsette og ein trainee frå 1. august 2017.

Aksello har i 2017 utforma ein ny strategi der målsetjinga og visjonen er nyskaping i næringslivet og auke i tal arbeidsplassar i fylket. Den nye strategien gjev nokre føringar:

- Aksello AS skal vere fylkesdekkande på alle område (også innan feltet kommunale fyrstelinjetenester)
- Opne for alle næringar, men skal vere fagleg spissa mot havrommet
- Meir samarbeid med strategiske partnerar (som Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Maritim Foreining Sogn og Fjordane)
- Skal få inn nye eigarar (spesielt frå havbrukssektoren og fleire kommunar samt fylkeskommunen)
- Nytt namn (allereie endra frå Fram Flora til Aksello AS, februar 2017)

Som del av tiltaksapparatet har Aksello fleire forretningsområde:

Selskapet er ein regional inkubator gjennom Siva sitt inkubatorprogram, og det vart inngått ein ny 6-års avtale i 2016). I 2016 og 2017 var det gjennomført ein prosess mellom Aksello og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane om samkøring av inkubatortilboda, for å kunne stå fram med eit heilskapleg tilbod. Arbeidet er fullført og det er inngått ein samarbeidsavtale mellom dei

to selskapa (vedlagt saka), og dei gjennomfører fellesaktivitetar som til dømes felles opptaksmøte for inkubatoren.

Aksello AS har i tillegg starta opp, driv eller har bidrege i ei rekkje prosjekt som har til formål å leggje til rette for næringsutvikling i Sogn og Fjordane:

- Etablering av Newton-rom, gründercamp, høgskuletilbod og andre kompetansereta tiltak for ungdom
- Arbeid med sikte på å trekkje inn ny aktivitet i Pelagia-anlegget i Gunnhildvågen
- Styrkje FoU-aktiviteten i næringslivet generelt og innan havbruksnæringa spesielt
- Internasjonalisering av næringslivet
- Organisere Sogn og Fjordane paviljongen under ONS oljemessa i Stavanger

I tillegg til dette jobbar Aksello AS aktivt med å skipe møteplassar i regionen og arrangere rekrutteringstreff, gründerksamlingar, kurs og månadlege frukostmøte. Desse er særst populære.

3.3 Nærare omtale av søknaden og prosjekt

Søknaden består av aktivitetar innan seks delprosjekt, og her er ei oversikt over innhald og mål med dei seks delprosjekta:

a) FoU fasilitering. Dette prosjektet har to prosjektmål:

1. Leggje til rette for at verksemder i alle bransjar driv meir forskning og utvikling og at dei kan dra nytte av offentlege tilbod innan FoU.
2. Tiltrekke seg fleire forskingsinstitusjonar, konsulentselskap og enkeltpersonar med slik kompetanse som vil etablere seg i fylket. Aksello vil derfor styrkje sitt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning, Forskningsrådet, SINTEF, Regionalt Forskningsfond, NOFIMA, osv. Aksello AS tek mellom anna sikte på å arrangere eit stort seminar i 2018 med dette som tema. Tidsramme er april til desember 2018. Total kostnad, kr. 900.000,- der kr. 450.000,- er søkt delfinansiert frå fylkeskommunen.

b) Havbruk

Havbruk er eit prioritert område for Aksello AS, og halvparten av inkubatorverksemdene i Aksello AS høyrer heime i denne næringa. Det vart i 2016 gjennomført ei kartlegging av næringa sine behov, og ut av dette kom prosjektet «FoU innan havbruk», der fleire oppdrettarar, leverandørar og eksportørar er med. Aksello AS er prosjektleiar og det er nyleg teke eit initiativ til eit tettare samarbeid med Akvahub AS i Leirvik og Måløy Marine ressurscenter for å sjå på korleis ein kan jobbe betre saman og oppnå synergieffektar. Tidsramme er april 2018 til desember 2020. Total kostnad er kr. 800.000,- og det vert søkt kr. 400.000,- frå fylkeskommunen. I tillegg er det søkt hos Sparebankstiftinga.

c) Internasjonalisering

Dette er eit breitt program for Aksello sin støtte til bedrifter som ynskjer å auke si internasjonale verksemd. Hovudmålsetjinga er å styrkje bedriftene si konkurransevne og bærekraft, ved å redusere deira avhengigheit av den norske marknaden, gjennom å kartleggje eksportmogelegheiter og partnerskap og investeringar i nye markadar. Målsetjinga er å ha bistått konkrete aktivitetar i 8-10 bedrifter årleg. Tidsramme er april 2018 til desember 2020. Total kostnad er kr. 500.000,- og det vert søkt kr. 200.000,- frå fylkeskommunen.

d) Knoppskyting i etablert næringsliv. Aksello AS har i fleire år hatt eit eige program for SMB utvikling, og hausten 2016 gjennomførte Aksello AS ein tyngre innsats retta mot etablert næringsliv for å hjelpe fram nye idear og utvikle eksisterande prosjekt, som dei av ulike grunnar ikkje har hatt kapasitet til å gjere noko med. PWC var fagleg medspelar og det vart identifisert 40 verksemder med prosjekt eller idear. 3-4 av desse er allereie jobba fram og er no med i inkubatoren, men prosjektet har ikkje vidare finansiering. Arbeidet skal no takast

opp att, men denne gongen i eit tettare samarbeid med Kunnskapsparken og Connect Vest i Bergen. Målsetjinga er minimum 10 idear i etablert næringsliv skal dyrkast fram til eit stadium der kommersialisering er aktuelt. Dei deltakande bedriftene vil betale ein eigenandel på 30% og der er forventa bidrag frå Sparebankstiftinga. Tidsramme er april 2018 til desember 2020. Total kostnad er 1.800.000,- og det vert søkt kr. 600.000,- frå fylkeskommunen.

e) Inkubatorverksemd og innovativ klynge-drift.

Aksello AS og Kunnskapsparken står no fram som ein inkubator i fylket og samarbeider tett under eit felles mandat og gjennom ein samarbeidsavtale. Som for Kunnskapsparken, vert støtte gjeven til inkubatorverksemdene i all hovudsak dekkja av Siva. Det som ikkje er finansiert godt, er den naudsynte idèfangsten og sjølvve drifta av inkubatoren. Denne delen av Aksello sin aktivitet har dels vore finansiert med INU midlar (Interkommunal næringsretta utviklingsordning som kompenserte for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift) løyvd via Innovasjon Norge. Aksello AS har fått eit tilsegn til frå Innovasjon Norge til dette prosjektet (august 2017) som var meint som ei finansiering av aktiviteten fram mot slutten av 2018, men har likevel behov for ei ytterlegare delfinansiering av noko aktivitet innan dette området i 2018. Sparebankstiftinga er også omsøkt ei delfinansiering av denne aktiviteten, men det manglar framleis finansiering for at Aksello skal kunne oppretthalde tilbodet og gjere nye opptak i inkubatoren. Målsetjinga innan delprosjektet er god drift av Aksello AS sitt innovative miljø samt minimum 6 nye verksemdar tekne opp pr. år i inkubasjon eller pre-inkubasjon og minimum 2 vellukka «exits» pr. år. Tidsramme er april 2018 til og med desember 2020. Total kostnad er 8.569.000,- og ei delfinansiering på kr. 2.900.000,- frå fylkeskommunen i perioden.

f) Utviding og samordning av den kommunale førstelinja på kysten.

Det ligg i Aksello AS sin strategi å tilby og drifte dei kommunale førstelinjetenestene for fleire kommunar enn Flora. Selskapet er i dialog med fleire kommunar langs kysten av fylket og har tru på at ei samordning av desse tenestene vil auke den samla kompetansen og effektivisere drifta, slik at ein får meir næringsutvikling per krone brukt. Det er og målet med prosjektet. Total kostnad er sett til kr. 200.000,- pr. år i eige arbeid og noko konsulentbistand, med ei delfinansiering frå fylkeskommunen på kr. 100.000,- pr. år frå og med 2018 til og med 2020.

Samla oversyn over omsøkte aktivitetar og kostnad:

Aktivitet	2018	2019	2020	SUM
FoU-fasilitering	200.000,-	150.000,-	100.000,-	450.000,-
Havbruk	150.000,-	150.000,-	100.000,-	400.000,-
Internasjonalisering	100.000,-	50.000,-	50.000,-	200.000,-
Knoppskyting	200.000,-	200.000,-	200.000,-	600.000,-
Inkubatorverksemd	300.000,-	1.300.000,-	1.300.000,-	2.900.000,-
Samordning 1. linje	100.000,-	100.000,-	100.000,-	300.000,-
SUM	1.050.000,-	1.950.000,-	1.850.000,-	4.850.000,-

Aksello AS ynskjer å innleie eit fleirårig samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune innan næringsutvikling og selskapet søkjer om ei tre-årig løyving frå og med 2017 og ut 2020.

Når det gjeld ynskje om å få ei finansiering på prosjektplanen som strekkjer seg over tre år, syner Aksello AS til at dei med det kan oppnå ei meir føreseieleg finansiering, som igjen er viktig når dei skal invitere andre partar inn for å ta ei delfinansiering. I tillegg er det ressurskrevjande å rapportere på aktivitet år for år, og til slutt syner dei til gode erfaringar med tidlegare løyvingar der det vart løyvd for meir enn eit år i gangen.

3.4 Vurdering

Aksello AS er ein kompetent organisasjon som gjer eit viktig arbeid innan næringsutvikling, både i Flora kommune, men også i eit større bilete som eit av to inkubatorselskap i fylket. Selskapet har vore flinke til å sjå behov og leggje til rette for utviklingsaktivitetar innan fleire område og skapar gode møteplassar for bedriftene i området. Samarbeidsavtalen mellom Aksello AS og Kunnskapsparken gjer at ein også får sikra ei betre koordinering og allokering av ressursane til det beste for næringslivet i fylket.

Aksello AS sitt arbeid med å få fram knoppskyting frå eksisterande næringsliv i Flora har også vore nybrottsarbeid i fylket, og har gjeve gode resultat. Det er fornuftig at selskapet i større grad rettar seg inn mot havbrukssektoren og det er bra at det er innleia eit samarbeid sørover med Akvahub AS og nordover med Måløy Marine Ressurssenter.

Alle dei omsøkte prosjekta synest å vere godt forankra lokalt og er fornuftige med tanke på å stø utviklingsarbeidet lokalt, både gjennom gründerskap, men også knoppskyting i lokalt næringsliv. I søknaden peikar Aksello AS sjølve på at dei ved ei prioritering mellom prosjekta vil framheve prosjekta a, b, e og f.

Fylkeskommunen er av den oppfatning at delprosjekt a) ligg noko tett opp til fylkeskommunen sitt eige arbeid gjennom VRI4 og mobilisering til FoU og av den grunn ikkje kan støttast. VRI4 er spesielt retta mot mobilisering til forskingsbasert innovasjon, og fylkeskommunen vil heller oppmode Aksello om å innleie eit samarbeid med VRI4.

VRI4 er spesielt retta inn mot mobilisering til forskingsbasert innovasjon og ei tettare kopling med det lokale næringsapparatet kan moegeleg gje ein større tilgang på gode prosjekt. Fylkeskommunen vil derfor invitere Aksello AS til samtalar om korleis dei kan bidra i dette arbeidet, med utgangspunkt i deira nærleik til og kjennskap om lokalt næringsliv og deira behov for FoU innsats. Eit slikt samarbeid bør ha som siktemål å leggje til rette for samhandling kring mobilisering slik at fleire bedrifter i området kan dra nytte av VRI sine finansieringsordningar. Eit viktig mål for VRI4 er fleire FoU søknadar frå fylket til regionale, nasjonale og internasjonale FoU-program, slik at det bør kunne leggjast til rette for eit godt samarbeid mellom VRI4 og Aksello AS sin kunnskap om behova i næringslivet lokalt. Det er for tidleg å gje ei spesifikk løyving til eit slikt prosjekt, men fylkeskommunen vil gje rom for at ein kan komme tilbake til det ved ei seinare høve gitt at ein finn ei god form for eit samarbeid med sikte om å auke næringslivet sin bruk av VRI-ordninga.

I staden for omsøkte og prioriterte delprosjekt a) vil fylkeskommunen heller peike på prosjekt d) innan knoppskyting som er meir i tråd med prioriteringar som er nedfelt i Verdskapingsplanen. Knoppskyting er relevant for alle sektorar og vert ofte helde fram som eit område der ein lettare ser effekt av innsatsen fordi idear og prosjekt ofte kjem frå etablert næringsliv der det finnes løfteevne både økonomisk og administrativt. Knoppskytingsprosjektet bidreg med struktur og tilrettelegging slik at næringslivet lettare kan få sett gode idear ut i produksjon.

Delprosjekt b) innan havbruk synes å vere fornuftig med Aksello sin posisjon i Flora kommune og tilfanget av bedrifter innan denne sektoren. Ei spissa satsing mot denne sektoren, i lag med både Akvahub AS og Måløy Marine Ressurssenter vil kunne gje gode synergjar og kan bidra til å løfte fram innovasjonar innan havbruksnæringa med utspring i lokalt næringsliv. Sjømatnæringane er også eit eige innsatsområde i Verdskapingsplanen for Sogn og Fjordane og ein auka innsats innan havbruksnæringa fell såleis saman med dei fylkeskommunale føringane på området.

Delprosjekt c) internasjonalisering er ikkje prioritert av Aksello AS, og det er fylkeskommunen si oppfatning at denne aktiviteten ligg tett opp til Innovasjon Norge sin kjerneaktivitet og at Aksello bør heller dra på dei ressursane og nettverket som Innovasjon Norge har tilgang til når det gjeld internasjonaliseringsarbeid.

Delprosjekt e) inkubatorverksemd og drift av innovativ klynge. Fylkeskommunen vurderer dette prosjektet til å vere ein kjerneaktivitet i Aksello AS, i god koordinering med Kunnskapsparken gjennom eigen samarbeidsavtale. Denne aktiviteten har fylkeskommunen finansiert via løyving i

2017, som var gjeldande for både 2017 og 2018 (sak 17/6916). Sjølv om behovet for tilleggsfinansiering er til stades, vert det vanskeleg for fylkeskommunen å gjere tilleggsløyving til dette formålet i og med at det var gjort ei løyving i 2017 som også skulle dekke 2018. Denne aktiviteten kan derfor ikkje støttast med ei ny løyving.

Delprosjekt f) samordning av førstelinjetenesta på kysten. Fylkeskommunen ser at det kan vere eit behov for at nokre kommunar på kysten vert tilbydd eit sterkare nettverk innan næringsutvikling og at Aksello AS har erfaring og ressursar som er relevant for til dømes mindre kommunar. I samband med samanslåingsprosessen med Hordaland er det likevel noko uvisse om kva som vert organiseringa av førstelinjetenesta vidare frametter, og det er fylkeskommunen si vurdering at ein bør få meir kunnskap om dette før ein står opp om vidare konsolidering mellom aktørar innan førstelinjetenesta.

Alle omsøkte delprosjekt krev ytterlegare finansiering i tillegg til eventuell løyving frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, som synt i vedlegg 2, budsjett- og finansieringsplan. Fylkeskommunen har forståing for at Aksello AS ynskjer ei meir føreseieleg finansiering av sine aktivitetar og føretrekkjer løyvingar som finansierer aktiviteten i tre år i gangen. Samstundes er det slik at fylkeskommunen sin eigen budsjettsituasjon er uklår med tanke på dei årlege midlane ein får tildelt frå KMD. Ut frå dette er det vanskeleg å binde opp løyvingar for tre år i gangen og fylkeskommunen kan ikkje innstille på slike langsiktige løyvingar.

3.5 Tilråding

Med utgangspunkt i vurderinga ovanfor tilrår fylkeskommunen å støtte desse delprosjekta i 2018 gjennom ein samla løyving på kr. 350.000,-.

Prosjekt b) Havbruk:	kr. 150.000,-
Prosjekt d) Knoppskyting:	kr. 200.000,-
SUM	kr. 350.000,-

Fylkeskommunen vil også invitere Aksello AS til samtalar om korleis ein kan få til ei betre kopling mellom lokalt næringsapparat og VRI-satsinga og kjem eventuelt tilbake med ei eiga sak om dette.